

Lio opna ny butikk i dag.

17.03.2016



Dagleg leiar Kristine Heimvik spanderte marsipankake og kaffi.

Lio Sag og Treforedling opna i dag den nye trevarebutikken sin på Husnes. Butikken ligg i Sunde Transport sine lokale like ved SIM på Husnes Industriområde. Det var bra med folk på plass då butikken opna dørene, og opninga vart feira med stor marsipankake, kaffi og gode tilbod.

Butikken ligg under samarbeidskjeda Byggtorget, og den vert profilert under det namnet. Det vert ein fullverdig bygg- og trevareforretning, og Kristine Heimvik, dotter til eigarparet Rune og Reidunn Myklebust er tilsett som dagleg leiar. Ho har lang erfaring frå bransjen og får med seg Jannike L. Myklebust og Joachim Grindheim Ekeland som begge er fast tilsette i butikken.

Gjennom butikken vil tilbodet til tidlegare kundar frå ytre luten verta betre samstundes som det vert eit godt tilbod til nye kundar.

De kan lesa meir om butikkopninga i Kvinnheringen som er vår kjelde.



Joachim G. Ekeland, Kristine Heimvik og Jannike Myklebust vert å treffa i den nye butikken.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen